

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.01.2014

Stein Inge Ryssdal sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt 5:

Fylkesutvalet meiner at Vegdirektoratet bør vurdere å opne opp for at ein kan ha ein kombinasjon av sambruksfelt og tungtrafikkfelt."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Ryssdal sitt forslag vart vedteke mot 5 røyster (Frp, V, SV).

Vedtak

1. Fylkesutvalet er nøgd med dei føreslegne skiltendringane, omtalte i høyringsbrevet frå Vegdirektoratet frå 20.11.2013. Det er særleg behov for eit eige skilt som syner hurtigladestasjonar for elbilar.
2. Fylkesutvalet er samd med Vegdirektoratet i at fylkeskommunane sin uttalerett i fartsregulerings saker bør heimlast i skiltforskrifta.
3. Fylkesutvalet er samd med Vegdirektoratet i at regionkontora i Statens vegvesen bør vera skiltstyresmakt for alle offentlege og private vegar, som også vil omfatta Bergen og andre byområde. Fylkesutvalet tek ikkje stilling til forslaget om at skiltmynde for kommunal veg også heilt eller delvis kan vidaredelegerast til politi med god trafikkteknisk kompetanse.
4. Fylkesutvalet stør Vegdirektoratet sitt forslag til endringar i § 34 i Skiltforskrifta, som gjer det meir mogleg å nytta sanksjonar mot entreprenør/etat når vegarbeidet ikkje vert varsla slik som påbode.
5. Fylkesutvalet meiner at Vegdirektoratet bør vurdere å opne opp for at ein kan ha ein kombinasjon av sambruksfelt og tungtrafikkfelt.